

RETNINGSLINER FOR TILDELING AV FYLKESKULTURPRIS FOR SOGN OG FJORDANE.

Formål

Sogn og Fjordane fylkeskommune kan kvart år dele ut ein fylkeskulturpris. Føremålet med prisen er å hjelpe fram kulturarbeidet i fylket

Kulturprisen kan gjevast til personar, lag og organisasjonar

- som høyrer heime i fylket
- som viser evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats utover det vanlege
- som har talent, viser kreativitet og evne til nyskaping

Ein vil særleg vere oppteken av at prisen skal vere til inspirasjon for aktørar som står sentralt i arbeid med å halde ved like og vidareutvikle det kulturelle mangfaldet i fylket.

Søknad og handsaming

Hovudutval for kultur avgjer om prisen skal delast ut og kven som skal få den.

Ei innstillingsnemnd utpeika av hovudutval for kultur vurderer og innstiller kandidat(ar) til fylkeskulturprisen.

Storleiken på kulturprisen vert fastsett av hovudutvalet innanfor ramma av kvart årsbudsjett. I tillegg til den vedtekne summen får kulturprismottakaren få eit diplom eller anna høveleg teikn på kulturprisen.

Tildelinga av fylkeskulturprisen vert offentleggjort når hovudutval for kultur har gjort vedtaket sitt.

Utdelinga skjer i samband med fylkestingsamling kvart år. Grunngevinga frå hovudutvalet vert lagt fram av leiaren i hovudutvalet, medan fylkesordføraren står for sjølve utdelinga.

Frist for grunngjeve innspel til aktuelle kandidatar er 1. november.